



KOMMUNAL- OG MODERNISERINGS-
DEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Dato: 13.03.2018
Vår ref.: 2014/11042-187
Saksbehandlar: evataul
Dykkar ref.:

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - svar til vesentlege innvendingar frå kommunane

Vi takkar for møte hos statsråden 9.mars 2018 om vesentlege innvendingar frå kommunane til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. På møtet stilte fylkesvaraordførar Pål Kårbø, leiar av styringsgruppa for kystsoneplanen Kjell Håland, fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal og prosjektleiar Eva Katrine Taule. Det vart opna for å sende inn ytterlegare dokumentasjon knytt til innvendingane. Vi vil nytte høve til skriftleg å kommentere dei vesentlege innvendingane som er kome til planen. Vi viser elles til vår presentasjon av planen i møtet.

Det er fem kommunar som har kome med vesentlege innvendingar; Austevoll, Fitjar, Kvinnherad, Sveio og Tysnes. Vi vil i det følgjande kommentere dei konkrete innvendingane som er lagt fram skriftleg frå kvar kommune.

Austevoll kommune

1. Krav om departementshandsaming av regional kystsoneplan.

Austevoll kommune sine merknader til planen i 2015 og 2017 er vurdert og langt på veg tatt omsyn til. Det går fram av høyningsrapportene. Areal for akvakultur i kommuneplanen og godkjente lokalitetar for akvakultur er vist i den regionale planen. Dei regionalt viktige områda for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne er avgrensa til ikkje å omfatte akvakulturområde. Etter siste høring vart område 1. Marsteinen – Skorpo ytterlegare avgrensa etter innspel frå kommunen.

2. Kystsoneplanen grip utan tilstrekkeleg heimel inn i kommunanes plankompetanse.

Hordaland fylkeskommune har heimel for regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger etter kap. 8 i Plan- og bygningslova. Dette er bekrefta m.a. i brev frå Fylkesmannen i Hordaland 2.6.2017 som er vedlagt. Den regionale planen dekkjer eit grenseoverskridande område og tema. Sjøarealet i planområdet har trong for heilskapleg planlegging. Planen har ikkje føresegner etter §8-5, men retningslinjer. Regionale planar kan etter lova gje grunnlag for motsegn. Difor står det også i retningslinjene til informasjon. Dette grunnlaget er uavhengig om det står skal eller bør i retningslinjene.

Planen har retningsgjevande plankart som illustrerer retningslinjene. Det er ei vurderingssone for kommunal planlegging og har ikkje juridisk verknad. Plankartet er ei oppfølging av vedtatt planprogram og er ei

synleggjøring av viktige geografiske område i planen som akvakulturområde, farleier og regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne vist som arealsone grønstruktur: landskapsområde. Bruk av regionalt plankart er ikkje nytt. Interregionale planar for fjellområda som Hardangerviddaplanen, Nordfjellaplanen og Heiplanen har også plankart. I tillegg har kystsoneplanane for Østfold og Vestfold plankart. Det er nytt å vise akvakulturområde i eit regionalt perspektiv og planarbeidet har vore eit pilotprosjekt for dette med utarbeiding av metodikk og analysar.

3. Planen omfattar landareal som ikkje har noko i ein kystsoneplan å gjere.

Kystsoneplanen gjeld for sjøareal og strandområda i kystsona. Difor tar planen også med areal på land som har naturleg samanheng med sjøområda. Prinsippet om den funksjonelle strandsona som vart vedtatt i Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland i 2001 tydeleggjer at den funksjonelle strandsona står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Sona kan vere smalare eller breiare enn 100- metersbeltet. Dette vert vist i plankartet gjennom arealsone Landskapsområde som viser regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Bakgrunnen for desse områda er regionale eller nasjonale verdiar som ligg i kjente databaser. Bakgrunnsanalysane er tilgjengeleg i det digitale temakartet til planen som ligg på fylkeskommunens heimeside. Det er mellom anna brukt avgrensinga til Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland som er avgrensa i samarbeid med Riksantikvaren etter høyring i kommunane.

4. Planens landskapsområde i Austevoll er unødvendige – vedtekne landskapsvernombområde og naturareal i kommuneplan gjev tilstrekkeleg vern.

Gjennom ein regional plan kan fylkeskommunen løfte fram område av særleg regional verdi. Dei regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne har verdifulle areal innan alle dei fire kategoriane og sumverknaden av desse verdiane er ivaretatt gjennom plankart og retningslinjer. Dei viste regionalt viktige områda i Austevoll er større enn vedtekne landskapsvernombområde og naturareal i kommuneplan. Intensjonen med dei regionalt viktige områda som i plankartet er vist som Landskapsområde er at kommunane skal ivareta dei gjennom sin kommuneplanlegging og legge til rette for lokal utvikling og forvaltning tufta på berekraftsprinsippet og med omsyn til dei registrerte verdiane.

Retningslinja(§3.1.2) for desse områda seier: «*Nye tiltak innafor arealsonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Nye areal for akvakultur og større, varige tekniske inngrep skal i hovudsak ikkje tillatast. Eksisterande næringsområde innafor arealsona kan nyttast vidare.*» Med nye, større tekniske inngrep er det tenkt nye større næringsområde, kraftanlegg, deponiområde m.v.

Landskapsområde 1. Marsteinen – Skorpo vart ytterlegare avgrensa etter siste høyring etter innspel frå kommunen ut i frå omsyn til eksisterande og framtidig utbyggingsområde med vegsamband i kommunen. Dette kjem fram av saksframlegget til vedtak av planen og temakart med planstatus for området. Innafor landskapsområde 2. Møkster – Fugløya – Skolafjorden er det i kommuneplanen hovudsakleg LNF-område. Delar av området er opna for spreidd utbygging. I tillegg er det ein vedtatt reguleringsplan og noko byggeområda langs strandsona. Plandisponeringa kjem fram i vedlagte temakart for Austevoll nord og sør med planstatus innafor arealsone landskapsområde.

5. Planens avgrensing av akvakulturområde gjev ikkje grunnlag for vekst og utvikling av havbruksnæringa.

Delmål for akvakultur i planen er at: *Akvakulturnæringa skal vere framtidsretta og konkurransedyktig gjennom miljømessig berekraftig utvikling. Dette inneber at ein føreset at alle partar arbeider aktivt for å innfase den til ei kvar tid mest miljøvenlege teknologien med tanke på utslepp, forureining, rømming, smitte og dyrevelferd.*

Havbruksnæringa er stor og viktig i planområdet. Arealplanlegging er viktig for å sikre næringas langsiktige arealbehov. Det er lagt opp til utvikling i næringa med større og færre lokalitetar. Denne utviklinga samsvarar med akvakulturalanalysen som ligg til grunn for planen. Kystsoneplanen har avklart areal til akvakultur i planområdet i eit bærekraftig perspektiv.

I plankartet er det vist framtidig struktur for akvakultur basert på eksisterande lokalitetar og avsett areal til akvakultur i kommuneplanane. Den framtidige strukturen er basert på utarbeidd arealanalyse der dei ulike interessene i sjøområda er vurdert med omsyn til om dei kan kombinerast med akvakultur. Det er lagt vekt på store område som gjev god fleksibilitet. Det er også opna for utviding av områda gjennom fleirbruksområde der det er lågt konfliktpotensiale.

I tillegg er det lagt ut store område i vest som kan vere eigna for havgåande anlegg og mindre område i indre strok eigna for lukka anlegg. Det er også ei retningslinje i planen som opnar for ny teknologi og nye artar utanom den viste strukturen.

Produksjonsområda for akvakultur i Hordaland er i 2018 i raud sone i høve til bærekraftsindikatoren lakselus. Dette tilseier ikkje behov for store nye areal til akvakultur no.

6. Klargjering med omsyn til akvakulturregelverket og KU-reglane.

Ved rullering og revisjon av kommuneplanens arealdel må kommunane ta omsyn til regional kystsoneplan. Siste setninga i §2.16 *Nye område for akvakultur som vert lagt inn i kommuneplanane skal konsekvensutgreiast* er sett inn for å klårgjøre at KU-plikta for kommuneplan også gjeld for nye akvakulturområde. Retningslinja er ikkje ein sakshandsamingsregel for KU på tiltaksnivå retta mot søknader om akvakulturlokalitetar gjennom laksetidelingsforskrifta.

7. Er reglane om KU følgde for den regionale kystsoneplanen?

Plan og bygningslova seier at *Regionale planer med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.*

Den regionale planen har føringar på overordna nivå og difor er konsekvensutgreiinga også på overordna nivå. Kystsoneplanen har kortfatta samla konsekvensar av planframlegget i tillegg til kapittelvise konsekvensar av planframlegget. Til grunn for planforslaget ligg ei akvakulturalanalyse som tar for seg sterke og svake sider for næringa samt utfordringar og moglegheiter. Den tar også for seg moglegheitsanalyse med fokus på dei viktigaste utfordringane som akvakulturnæringa har i regionen; rømming og genetisk påverknad på villfisk, lakselus, forureining og utslepp samt sjukdom. Til planen er det også utarbeidd ROS-analyse med utgangspunkt i Fylkes-ROS for Hordaland 2015.

Fitjar kommune

1. Krav om handsaming av regional kystsoneplan i Departementet.

Høyringsuttalene til Fitjar kommune i 2015 og 2017 er vurdert og det er gjort endringar. Høyringsuttalene frå Fitjar har i stor grad vore generelle. Før vedtak vart det tilføyd eige retningslinje 3.13 for Fitjarøyane for å ivareta akvakulturnæringa i området.

Konkret innspeil datert 18.9.2017 kom etter at fylkesrådmannen hadde levert sin faglege innstilling til vedtak og *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* hadde handsama saka

2. Kystsoneplanen grip inn i kommunen sin plankompetanse utan tilstrekkeleg heimel.

Viser til pkt 2 under Austevoll kommune sine innvendingar. Plankartet illustrerer retningslinjene. På kartet står det «Retningsgjevande plankart – vurderingssone for kommunal planlegging.» Plankartet er utarbeidd etter Nasjonal produktspesifikasjon for regional plan som er heimla i Kart- og planforskriften.

3. Landskapsområdet i Fitjar er for stort, og har for strenge bestemmelser for akvakultur.

Landskapsområdet i Fitjarøyane vart forsøkt avgrensa i høve til akvakultur, men det lot seg ikkje gjøre utan at viktige miljøverdiar vart utelatt. Det vart difor utarbeidd ei eige retningslinje for å ivareta akvakulturnæringa i Fitjarøyane. Retningslinje §3.1.3. seier følgjande: *Intern flytting av eksisterande AK-område innanfor landskapsområde Fitjarøyane kan vurderast gjennom kommuneplanarbeidet. Nye lokaliseringar skal utgreiaast og vurderast med omsyn til arealverdiane i Fitjarøyane og sumverknad knytt til samla belastning.*

4. Avgrensing av akvakulturområde i planen gir ikkje rom for vekst/utvikling av havbruk.

Viser til vår vurdering av pkt 5 frå Austevoll.

5. Endring av ei generell formulering som gjeld havbruk.

Planen gir føringar for kommuneplanarbeid, det gjeld både for fortøyinger og anna. Det er ikkje krav i den regionale planen at fortøyinger må vere innafor dei avsette sonene. Dette er forhold kommunane må ta opp i sin kommunale planlegging. Retningslinjene seier at *fortøyingsanlegga i utgangspunkt er inkludert. Kommunane må kartlegge faktisk situasjon og detaljere arealonene som del av kommuneplanarbeidet.*

6. Strandsone

Etter plansystemet i plan- og bygningslova er regional plan overordna kommunal plan. Retningslinjene om strandsona er på eit overordna nivå som forslag til planførere segner i interkommunal plan kan detaljerast etter. Dette er også avklart i møte med representantar frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland i planprosessen. I brev av 20.12.2017 har Fylkesmannen videreført motsegn til føresegne i den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland. Dei overordna retningslinjene i kystsoneplanen er difor viktige for eit felles og føreseieleg grunnlag for strandsoneforvaltninga i regionen.

Kvinnherad kommune

1. Krav om oppheving/endring av fylkeskommunen sitt planvedtak.

Kvinnherad kom ikkje med fråsegn til planen ved første høyring i 2015. Fråsegna i andre høyringa i 2017 var på eit generelt nivå og rådde frå vedtak av planen. Kommunen har hatt eigen representant i administrativ arbeidsgruppe som har deltatt og støtta opp om arbeidet med planen.

2. Kvinnherad kommune støtter uttalelsene frå Tysnes kommune og Austevoll kommune.

3. Planens arealdisponering til Grøntstruktur – Landskapsområde savner planfaglig begrunnelse.

Kap.3.7 i planrapporten tar for seg dei regionalt viktige områda for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Dei konkrete arealdata som er grunnlaget for arealavgrensinga går også fram av det digitale temakartet til planen. Det er verdt å nemne at området Fjelbergøy/Borgundøy er tatt ut før andre høyring av planen. Kvinnherad kommune er negative til at område på land og i strandsona er synleggjort som regionalt viktige

område og vist i plankartet som Landskapsområde under sone grønstruktur. Viser her generelt til vår kommentarar til Austevoll kommune pkt 3 og 4.

Område 11. Rosendal – Dimmelsvik er trekt fram negativt frå kommunen i høve til avgrensing av landskapsområde, også i møtet 9.mars. I skildringa av dei regionalt viktige områda i planrapporten kap. 3.7 går det fram at store delar av Rosendalsområdet er registrert som kulturhistorisk landskap med nasjonal verdi. Arbeidet med kulturhistorisk landskap av nasjonal verdi er igangsett av Riksantikvaren og Hordaland har vore pilotfylke. Rosendal er eitt av ni område i Hordaland som har fått denne statusen. Kommunane er oppmoda til å synleggjere og ivareta landskapsverdiane i arealplanlegginga og ta omsyn til desse verdiane når områda skal utviklast. Kommunane har vore høyringspart i arbeidet og endeleg avgrensing er gjort etter innspel frå høyringa. I rapporten om kulturhistoriske landskap går det fram at landskapet i Rosendal er sårbart for høge eller store strukturar mellom Baroniet og sjøen, omkring Skålakyrkja, i dei nære sjøområda, og for nedbygging og gjengroing av jordbrukslandskap og stølsdalar. Det er rådd til at landskapet i kommuneplanens arealdel bør gjevast omsynssone med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø. Dette er føringar som er i samsvar med retningslinjene for regionalt viktige område i kystsoneplanen. For Hordaland fylkeskommune er det viktig at Rosendalsområdet med Baroniet vert synleggjort i planen.

Sveio kommune

viser i brev av 06.12.2017 til vedtak i kommunestyret 15.05.2017 i sak 028/17 om avgrensa høyring av kystsoneplanen. Formannskapet har drøfta saka på nytt 04.12.2017 og vedtatt at Sveio kommune klagar vedteken kystsoneplan inn for Departementet. Innvendingane er av generell karakter og er kommentert under andre punkt.

Tysnes kommune

utdjupar tre punkt i planen som er kommentert under. For dei øvrige punkta i dei vesentlege innvendingane, viser vi til Høyringsrapport avgrensa høyring 2017 der disse er kommentert einskildvist.

1. *Planen som ei urimeleg inngrisen i kommunen sitt planansvar.*

Dette er kommentert for Austevoll og Fitjar.

2. *Manglante samsvar mellom planen og føremålet med planarbeidet slik det er nedfelt i planprogrammet.*

Planprogrammet har også vedtekne delmål og konkretisering av korleis delmåla skal nåast. Kystsoneplanen har følgt opp dette. Viser elles til vår vurdering av pkt 5 frå Austevoll.

Planen spesifiserer ikkje ulik akvakulturproduksjon gjennom retningslinjer og plankart. Områda er sett av til akvakultur. Det går fram av planrapporten i kap. 4.3 under Arealbruk/behov på land at det kan være ønskjeleg med postsмолtproduksjon på land og lengre fram i tid også matfiskproduksjon. Det er ikkje sett av areal til akvakultur på land i planen. Dette er prosesser som må skje gjennom kommunal planlegging. Akvakulturanalyisen peiker på sentrale kriterier som må være til stades for at areal skal være eigna for ulike produksjonsformer på land.

Akvakulturnæringa er i stadig endring og nye produksjonsformer og artar vil komme. Det er tatt inn ei setning i retningslinje 2.16 om akvakultur for å ivareta dette: *Kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar.*

3. *Landskapsområde og tilhøve til andre planar.*

Det går klart fram av planen at vedtatte kommuneplanar og reguleringsplanar gjeld. Kystsoneplanen får verknad for utarbeiding av nye planar, først og fremst kommuneplanen. Sjå elles pkt. 3 frå Austevoll.

I saksutgreiinga til vedtak av planen er desse problemstillingane tatt opp slik:

«I etterkant av høyringa har Tysnes kommune ved rådmannen samordna med administrasjonen i Kvinnherad i brev av 24.08.17 bedt om ny avgrensning for område 7. Godøya i Tysnes, område 9. Halsnøy i Kvinnherad og område 11. Rosendal – Dimmelsvik. Dei meiner seg forskjellsbehandla i høve til Austevoll kommune der det er foreslått ny avgrensning. Dei ønsker primært at arealsonene berre skal strekke seg over sjøareal, sekundært at det vert gjort ny avgrensning opp mot gjeldande kommuneplanar. Dette konkrete innspelet er ikkje kome i høyringa og etter at styringsgruppa har avslutta sitt arbeid. Retningslinje 1.4 til planen seier at tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innafor planområdet gjeld uavhengig av denne planen. Frå Austevoll har det kome merknader om avgrensning av arealsoner for landskap i begge høyringane, både frå kommunen, næringsaktørar og organisasjonar. Dette har også vore tema for diskusjon med kommunen i prosessen. Endring av område 1. Marsteinen – Skorpo i Austevoll er resultatet av prosessen som heilheit og ikkje på bakgrunn av einskildinnspele.»

Avsluttande kommentarar

Berekraftsprinsippet ligg som premiss i overordna målsetjingar og forslag til regional kystsoneplan. Planen avklarar akvakulturnæringeras arealbehov opp mot andre interesser i kystsona og balanserer bruks- og verneomsyn. Vi meiner at dette er i samsvar med nasjonale føringerar i både vedtatt Meld.St.18(2016-2017) *Berekraftige byar og sterke distrikt og Nasjonale forventingar for regional og kommunal planlegging 2015.*

I vedtatt Meld.St.18(2016-2017) *Berekraftige byar og sterke distrikt* er rolla til fylkeskommunane framheva. Det går mellom anna fram at regjeringa forventar at fylkeskommunane tar ei aktiv rolle i planlegging av kystsona, anten gjennom regional planlegging eller ved å støtte kommunane i interkommunale og kommunale prosessar. Hordaland fylkeskommune har gjort dette.

Det er kommunen som er planmyndighet på lokalt nivå. Planen viser arealavklarte område som må vurderast og detaljerast vidare i communal arealplanlegging. Dersom kommunane vel å setje av areal utanfor denne viste strukturen, må det grunngjenvært og utgjera særskilt. Retningslinjene og plankartet er meint å styrke kommunane i arbeidet med å finne ein god balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar.

Regionale planavklaringar er viktige for gjennomføring av nasjonal og regional politikk. Fylkeskommunen er regional planmyndighet og regional plan skal ivareta denne oppgåva samt oppgåva som regional utviklingsaktør. Etter plan- og bygningslova skal regional planlegging leggjast til grunn for regionale organ sin verksemd, communal og statleg planlegging. Regionale planar skal ha eit langsiktig perspektiv og ta for seg oppgåver som krev avvegning og avklaring mellom ulike interesser over sektor- og kommunegrenser, samt samordning og forpliktande samarbeid mellom mange aktørar i gjennomføringa. I vedtatt Meld. St. 22(2015-2016) *Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver* er samfunnsutviklarrolla framheva og at regional planlegging er det sentrale verkemidlet for å utøve denne rolla.

Vedtatt regional planstrategi for Hordaland 2016-2020 peiker på ei klima- og miljøvenleg utvikling som eit av fire hovudmål for Hordaland. *Tydelegare planstyrт og meir langsiktig og balansert forvalting av areal, natur- og kulturminneressursar* er ein vedtatt strategi under dette hovudmålet. Overordna planar for bruk og vern av areal- og naturressursar er heilt avgjerande for ei berekraftig utvikling. Forpliktande regional arealplanlegging med bruk av kart og retningslinjer gir føreseielege og meir effektive planprosessar

Hordaland fylkeskommune meiner difor at Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger er i samsvar med krav i plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan og at det vil vere eit godt verktøy for kommunane i si planlegging av sjøareal og strandsone. I vedtak av planen bad elles fylkestinget om at planen vert rullert etter to år og at kommunane i planområdet skal trekkjast inn i arbeidet. Problemstillingane som kommunane reiser kan difor vurderast på nytt etter at planen har verkja i ein to-årsperiode. Fram til dette bør planvedtaket stå uendra.

Pål Kårbø
fylkesvaraordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Brev frå Fylkesmannen i Hordaland 02062017
- 2 Avgrensing av landskapsområde 1. Marsteinen - Skorpo, Austevoll
- 3 Planstatus Austevoll Nord
- 4 Planstatus Austevoll Sør